

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017.

Sak 07/2017. Opprop.

Fyresdal kommune: Erik Skjervagen, Olav Gisle Noraberg, Kjell Sverre Thoresen, Ketil Kiland.

Kviteseid kommune: Tarjei Gjelstad, Tarjei Draugedal, Anne Birgit Sollid, Øystein Tveit.

Nissedal kommune: Halvor Homme, Geir Christian Enger, Sverre Sæter.

Seljord kommune: Halfdan Haugan, Jon Svartdal, Finn-Arild Bystrøm.

Tokke kommune: Jarand Felland, Tone Sofie Dale Solvang, Kjell Magne Grave, John Kleiv.

Vinje kommune: Jon Rikard Kleven, Jan Myrekrok.

Frå administrasjonen møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Regionordfører Erik Skjervagen leia møtet.

Sak 08/2017. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste vert samrøystes godkjent.

Sak 09/2017. Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordfører.

Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordfører vert samrøystes valt:

Halfdan Haugan

Sak 10/2017. Val av regionordfører og regionvaraordfører for perioden 2018 - 2019 og fastsetting av godtgjersle for desse. Val av valnemnd.

Vedtak: Som regionordfører for perioden 2018 - 2019 vert valt Jon Rikard Kleven, Vinje kommune.

Som regionvaraordfører vert valt Jarand Felland, Tokke kommune.

Godtgjersle for regionordfører vert 40 000,-

Godtgjersle for regionvaraordfører vert 10 000,-

Til valnemnd for same periode vert valt: Ketil Kiland rådmann Fyresdal kommune, Tarjei Gjelstad ordfører Kviteseid kommune og Halfdan Haugan ordfører Seljord kommune.

Samrøystes vedtak.

Erik Skjervagen overrekte gåve og blomar saman med gode ord til regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes, som no går av med pensjon. Skjervagen ynskte også den nye regionrådsleiaren, Anne Aasmundtveit, hjarteleg velkomen i Vest-Telemarkrådet.

I samband med val av ny regionordfører overtok Jon Rikard Kleven leiinga av møtet, og overrekte blomar og takk til Erik Skjervagen for vel utført arbeid som regionordfører i 2016 – 2017.

Sak 11/2017. Forslag til arbeidsprogram 2018 - 2019.

Det låg føre forslag til arbeidsprogram for 2-årsperioden 2018 – 2019. Regionrådsleiar gjekk gjennom forslaget, og det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarktinget godkjenner Rådets framlagte forslag til arbeidsprogram for 2-årsperioden 2018 - 2019. Samrøystes vedtak.

Sak 12/2017. Forslag til delegeringsreglement Vest-Telemarkrådet.

Regionrådsleiar orienterte kort om revisors ynskje om eit noko meir utfyllande delegeringsreglement, og det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet. Samrøystes vedtak.

Sak 13/2017. Forslag til budsjett 2018 for Vest-Telemarkrådet.

Ole Dalen orienterte nærare om finansieringa av aktiviteten i Rådet, og gjorde greie for enkeltpostar i budsjettforslaget.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2018 for Vest-Telemarkrådet. Samrøystes vedtak.

Sak 14/2017. Mogleg felles NAV-kontor i Vest-Telemark.

Halfdan Haugan orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken.

Det skjer store endringar innanfor NAV-systemet, og det blir arbeidd med eit felles NAV-kontor i Midt-Telemark der Seljord er invitert til å delta. Seljord formannskap har handsama saken og ynskjer primært at NAV organiserer seg slik at dei 6 kommunane er samla og at Vest-Telemark blir eit eige myndighetskontor.

Det var også orientert om eit samarbeid mellom Kviteseid og Nissedal om eit mogleg felles kontor for dei 2 kommunane.

Tilstades i møtet var også NAV-leiar Gerd Kari Skaalen, som støtta tanken om eit felles NAV-kontor for alle 6 Vest-Telemarkkommunane.

I ordskiftet kom det positive signal frå 4 kommunar til å samarbeide om eit felles NAV-kontor for Vest-Telemark. 2 kommunar signaliserte behov for å drøfte saken nærare i egen kommune før dei melder attende.

Det vart også vist til at ein bør fastslå lokalisering av kontoret før ein legg ned eit stort arbeid i høve til omorganiseringa.

Det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarktinget ber rådmennene kome med tilråding i saken til møtet i Vest-Telemarkrådet 13. februar 2018. Samrøystes vedtak.

Sak 15/2017. Forslag til omlegging av eigedomsskatten for verk og bruk. Leiar i Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK) Torfinn Opheim orienterer.

Grunna uvær på Vestlandet kunne ikkje Torfinn Opheim kome til møtet, og Jarand Felland som er styremedlem i LVK, overtok oppgåva på svært kort varsel.

Kommunanes rettar er under stadig press frå politisk hald, og forslaget til omlegging av eigedomsskatten for verk og bruk er eit døme på dette.

Felland viste mellom anna til Europarådets charter frå 1985 om lokalt sjølvstyre, der det står:

"En viss andel av de ressurser lokale myndigheter disponerer skal stamme fra lokale skatter og gebyrer som de selv innenfor lovens grenser har myndighet til å fastsette satsene for".

I alt 348 kommunar er berørt av forslaget, og svært mange av desse var representert i ei ordførar-markering utanfor Stortinget 8. november i år.


Forslaget vil føre til eit samla inntektstap på 1,2 milliardar kroner og omfattande velferdsutt som fylgje av dette.

I samband med budsjettavtala er det føreslege fylgjande "anmodningsvedtak" frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti:


"Stortinget ber regjeringen sørge for at det gis tilnærmet full kompensasjon til kommuner som får redusert eksisterende inntekter som følge av endringene oppad begrenset til 500 mill. Kompensasjonen gjelder ikke nyetablering etter 1.1.2017 og bortfaller hvis virksomhetene nedlegges"

Felland peika på at det frå LVK si side vert stilt spørsmål om kva ei slik ordning vil innebære, om det er tale om årlege vedtak, kor lenge ordninga vil vare osv. Det er også slik at både KS og LVK ber om at iverksetjinga vert utsett.

Vedtak: Vest-Telemarkinget tek orienteringa til vitande.



Halfdan Hatvan
Ordførar Seljord



Jon Rikard Kleven
Regionordførar